
BOKN BYGDABLAD

NR. 1 - FEBRUAR 1998 - ÅRG. 13



Ildsjeler 1 – s. 3



Ildsjeler 2 – s. 6



Kulturprisen – s. 8



Optimisme – s. 21



BOKN KOMMUNE

KJÆRE LESARAR!

NYTT TRYKKERI

Bladet du held i hendene er produsert i Stavanger, nærare bestemt hos *Omega Trykk* som er vår nye samarbeidspartner. Bladet skal koma ut første veka i dei månadene det kjem ut (som kjent kjem det ikkje ut i januar og august). Alt stoff blir no sendt på diskett til Stavanger, og omlegging, eksperimentering og tilrettelegging har gjort denne første utgåva i 1998 forsinka. Bygdabladet blir sendt alle abonnentar, både innanbygds og utanbygds, frå eit postkontor i Stavanger.

ABONNEMENTSAVGIFT

Dei fastbuande har tidlegare fått informasjon om dette på eige skriv til alle husstandane. Kommunen vil no praktisera forhåndsinnbetaling av denne avgifta. Rekningar blir utsende med det første, og eg vil be lesarane merka seg fristen. Det blir sett ein romsleg frist p.g.a. alle rekningane som blir utsende og usikkerheten omkring kva tid dette første nummeret kjem ut. Av den grunn blir sannsynlegvis også marsutgåva sendt alle husstandane i Bokn før fristen går ut.

Det er nytt med abonnementsavgift for husstandane her i kommunen, og me har tidlegare gått ut med at dei som ikkje betaler innan fristen ikkje vil få neste blad. Denne måten å gjera det på kan diskuteras, men dette er mykje enklare enn at alle husstandar må gi beskjed til kulturkontoret at dei ynskjer abonnement, noko me reknar med. Derfor vil me gå ut i frå at dei som får rekning og ikkje betaler innan fristen, heller ikkje er interessert i å vera abonnent på bladet. **Kort fortalt skal dei som ynskjer å vera abonnent på bladet i 1998 betala rekninga si innan fristen.** Viser elles til side 27 der abonnements- og annonseprisane står.

FRISTAR

Bladet skal få faste fristar igjen for innlevering av annonser og anna stoff, men i denne overgangsperioden der det m.a. er usikkerhet rundt trykkeritid, vil eg ikkje setja faste fristar enno. For marsnummeret kan eg likevel setja onsdag 18. februar. Eg reknar med at i løpet av

nokre mnd. er dette i orden.

DIGITALT KAMERA

Det er kjøpt eit digitalt kamera med tanke på elektronisk sending av bladet. Eit slikt kamera er utan film der du ser bildet me ein gong og sletter dei bildene du ikkje vil ha. Kameraet kan lagra 30 høgoppløselige, knivskarpe bilder, i fargar eller i svart-kvitt om ein ynskjer det. Bildene blir kopla til datamaskinen og kan skrivast ut på printeren, eller i denne samanheng - leggjast rett inn i Bygdabladet. **Kameraet er enkelt i bruk, og kan lånast at dei som vil produsera stoff til bladet.** Lag og organisasjonar som ynskjer det kan også kontakta meg for ein avtale om eit prosjekt. Eg tok t.d. bilder til Handelslaget sitt jubileumshefte med kameraet. Dei blei lagde på diskett og sendt trykkeriet – enkelt og greit. Fordelen med kameraet er sjølv sagt meir aktuelle og ferske bilder, og det tar berre nokre minutt og overføra bildene frå kameraet til PC'en.

Det blir sjølv sagt ikkje slutt med å koma med vanlege papirbilder. Desse blir scanna inn i bladet på vanleg måte, og me forventar no at kvaliteten også på desse skal bli betre fordi trykkeriet trykker dei rett frå datafila.

MAKS 28 SIDER

No er det ei stund sidan desembernr. i fjor blei laga, og det har skjedd ein del i kommunen. I heile januar har underteikna og gode medhjelparar produsert stoff til bladet, og det har blitt ca. 40 sider. Ein del godt stoff blir dermed gøymd til neste nummer, for viss ikkje uforutsette ting kjem til å skje i løpet av året blir bladet på maks 28 sider.

Målet er sjølv sagt stadig positiv utvikling av bladet, og nemnda og underteikna vil også framover satsa på m.a. eigne barne- og ungdomssider, kryssord, konkurransar, osv. Ein stor takk til alle som bidrar med stoff til bladet! Og til slutt: viss du saknar noko i bladet, noko som du irriterer deg over at det ikkje kjem i bladet, så tips nemnda eller underteikna om det. Hugs også på at i Bokn Bygdabladet er ordet fritt!

- redaktøren -

MED KARI OG ELSE PÅ BASAR

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Den 21. november i fjor inviterte Røde Kors Besøkstenesten (les Kari Våge og Else Nilssen) for andre året på rad til basar i staden for den tradisjonelle julemessa dei har hatt på Boknatun. Eg var seint ute og tenkte at nå var det vel heilt fullt i gymsalen, men då eg opna døra var det svært lite folk til å vera basar. Ein titt på artiklane langs ribbeveggen fortalte at her var det mange som kunne angra på at dei ikkje var der.

Etter at Kari opna basaren, framførte songkvartetten fire songar frå Syng med oss-kvelden tidlegare i mnd. Dei var forresten ein trio denne gong. Ho med sår hals satt og såg at dei song a capella (utan piano), og gjorde det bra sjølv om dei berre var tre.



Fv. Kari Våge og Else Nilssen, to av ildsjelene i kommunen.

- Kvifor er det ikkje fleire folk her, Kari, har folk misoppfatta klokkeslettet?
- Det er ikkje godt å seia, men folk trudde kanskje ikkje at me hadde så mykje å lodda ut. Det gjer heller ikkje situasjonen betre at basaren krasja med årsmøte i Senterpartiet og bedehusmøte.

Kari er mektig imponert over alt som kom inn og er full av takknemlighet overfor alle bidragsytarane, og alle som stilte opp og gjorde ein innsats på basaren. For Besøkstenesten i Røde Kors er nemleg berre Kari og Else, fortel Kari som er enig i at det blir ein livsstil å halda på slik.

- Me starta med 11 stk. i 1990, men folk går leie og vil ikkje vera med meir. Slik blir det vel ofte i ei lita bygd, nye ting er veldig

populære i starten.

Kari kan opplysa om at Besøkstenesten står i dag for maten til alle pensjonisttreffa samt at dei køyrer ut mat/middag og fraktar folk til lege, m.m.

- Og neste helg skal de arrangera tenning av julegrana?
- Ja, men nå har me fått med Idrettslaget som medarrangør. Og då skal me nok greia det også.

Kari Våge og Else Nilssen utgjør halvparten av Bokn Røde Kors sine tre avdelingar i Bokn. Dei andre to er Ingrid Jøsang og Marianne Øvrebø i Lokalforeningen. Hjelpekorpsset ligg nede, men eksisterer i namnet for å få behalda utstyret i kommunen.

Eg trur at Kari snakkar for alle fire

ildsjelene når ho seier: "Kor lenge holde me ut?"

Kulturlivet i ei lita bygd er avhengig av ildsjeler, og det er klart at støtte og respons er svært viktig for at dei ikkje skal bli utbrende. At dette arrangementet krasja med to andre er ikkje noko godt utgangspunkt. Det går fram av kulturkalenderen for forrige halvår at ingen av dei tre arr. var konkret varsla på førehand, sjølv om Indremisjonen hadde møte på bedehuset i den veka og julemessa var sett opp i dagane etter.

Dei fleste lag og organisasjonar er flinke til å melda frå om arr. sine i god tid på førehand i tillegg til å ta hensyn til andre arrangørar. Sjølv om me nå har hatt antikollisjonsmøte i forkant av kulturkalenderutgivelsane i fleire år, og mange lag og org. snakkar same språk, kan nokon bli betre på dette.

INGER MARIE VÅGE BLANT STUDENTVENNER I ARIZONA, USA.

Fra avisen Florence Reminder, Arizona, USA august 1997:

"Besøkende studenter"

Utenlandske studenter ved Florence High School dette året er Mio Ikatsu fra Japan, Jakob Huber fra Østerrike, Ulla Sørensen fra Danmark og Anita Nielsen fra Danmark, Erik Søderhäll fra Sverige, Inger Marie Våge fra Norge, Kamila Krajewska fra Polen og Henrik Olsson fra Sverige. Ørkensommeren og den nye maten er ikke de eneste forandringer de må venne seg til. To av studentene, Ulla og Jakob, sier de ikke er vant til så mye hjemmelekser. Alle sier imidlertid at de liker seg hos sine gjestefamilier og har det fint i Florence.

*Fra samme avis
Juleaften 1997:*

I denne artikkelen forteller studentene om sine hjemlige juletradisjoner. Alle land de kommer fra har ulike måter å feire julen på, og ingen er helt lik den i USA, men likhetspunkter er det.

– Inger Marie sier at det er Juleaften som er den store dagen hjemme, ganske

likt som i USA

med juletre og presanger. Selv om hun vanligvis ikke pynter treet før lille juleaften. Hele familien samles hjemme og blir sammen i tre – fire dager.

Tross likhetene, Julia i Florence er en ny opplevelse for mesteparten av studentene. Særlig de tidlige forberedelsene til helligdagene. Kamila fra Polen bemerker at å se Julenissen i supermarkedet to måneder før Jul var "en smule rar". Inger Marie og de fra Danmark og Sverige

bemerket at de ikke er vant med så mye utendørs pynting. "Det er moro hele greia over her", sier Inger Marie, "men jeg liker det hjemme også".

Nyttårshilsen fra Inger Marie, 4. januar:

Nå har jeg vært her i 6 måneder, over halvparten av tiden, og lever enda. Faktisk så trives jeg ganske godt og har mye gøy. Hjemlengselen har ikke vært for stor enda, har rett og slett hatt det for travelt til å lengte hjem.

Jeg kom ned hit 10. juli, reisen tok ca 24 timer. Vi var tre stk. som reiste sammen fra London, en


svensk gutt, en dansk jente og meg. Alle tre bor her i den samme byen. Jeg bor hos en enke, Pauline De Jager, sammen med en annen jente fra Polen, Kamila.

Byen jeg bor i heter Florence og har ca. 4000 innbyggere. Den ligger uti

ørkenen midt mellom Phoenix og Tucson, noe som gjør at det

er veldig varmt her det meste av året. Da jeg kom hit og til slutten av oktober var det 40 - 45 grader C hver dag. Nå rundt jul var det litt kjølig, men det skal vist begynne å bli varmt igjen snart. Til byen hører det også med 11 fengsel, og alle fangene er regnet som innbyggere, så egentlig er det 7000 - 8000 som hører til byen.

Mesteparten av folk i byen her er mexicanere og indianere, og de fleste jobber i fengslene. Det blir hele veien bygget nye fengsel, så innbyggertallet og Florence vokser stadig.



Foran fv. Ulla Sørensen, Mio Ikatsu – 2.r. Jakob Huber, Inger Marie – 3.r. Erik Søderhäll, Kamila Krajewska – bak Henrik Olsson.
(Scannet foto fra Florence Reminder)

Men det er en veldig gammel og historisk by, så mye ser ut som det gjorde for 100 år siden.

Hverdagene her er ganske travle, fra juli til oktober spilte jeg volleyball etter skolen, men når sesongen var over i november begynte jeg å spille basketball, nå er vi midt i sesongen. Å være med i en sport her borte tar ganske mye tid. Vi må trene hver dag i to og en halv time etter skolen, og ofte på lørdager. Men det er veldig gøy, og vi får være med på mye forskjellig, så skoledagene går ganske fort.

Her i Florence går de på skole året rundt. Det vil si at de har tre tre-ukers ferier. En i september, en til jul og en i mars. Ferien vi hadde i september brukte vi til en 16 dagers campingtur. Det var oss fire STS-studentene her og «host-moren» min som kjørte. Vi var innom 14 stater, Arizona, Nevada, Utah, Idaho,

Montana, Wyoming, South-Dakota, Minnesota, Iowa, Nebraska, Kansas, Oklahoma, Texas og New Mexico. Det var ikke alle statene vi så så mye av, men har i hvertfall vært der. Etter turen var det tilbake til skolen frem til juleferien. Bortsett fra noen fridager da vi feiret Halloween og Thanksgiving i oktober/november. I slutten av november var jeg også på en helgetur til California, der var vi 45 STS studenter fra Arizona og Colorado som reiste. Det var veldig gøy, og vi ble kjent med mye folk fra hele verden.

Feire jul her borte er en annen sak. Både jeg og Kamila hadde nok en smule hjemlengsel. Juleaften så vi langt etter mors julemiddag Julepresangene ble åpnet 1. juledags morgen og etter det var jula over. 2. juledag er en helt vanlig arbeidsdag her borte. Men jeg og Kamila kalte

det en ny opplevelse. Hjemlengselen gikk forresten fort over da vi reiste til Las Vegas for tre dager i romjulen.

Nyttårsaften feiret vi hjemme, vi hadde besøk av 7 andre utvekslingsstudenter og Brit kom ned på besøk fra Oregon.

Hilser til alle kjente. Hilsen fra Inger Marie.

Ei hyggeleg helsing frå Inger Marie's "mor":

January 5th, 1998 - Dear people of Bokn,

I am the host mom for Inger Marie Vage. I am 57 years old and a widow for 3 years. I teach a Special Education class for grades 6-8. I have taught in this school district in Florence for 21 years.

I have taken exchange students for three years. I tell everyone they have been my lifesavers. I hate to go home to an empty house. I have had 6 girls, 2 from Poland, 1 from Czech Republic, 1 from Hungary, 1 from Denmark and now 1 from Norway. I certainly enjoy my girls. We do things together and I have certainly learned a lot about teenage girls. I have no children of my own.

I am looking forward to the time I am retired and can travel to Europe and see all the places "my girls" have told me about.

Thanks for letting Marie join me for a year.

Sincerely,

Pauline (Polly) DeJager



*Når alle lerker kyttrer
i grøne palmeland,
da sit'n på en rimkyst
og syng så godt'n kan
spurven.*

Einar Skjæraasen



GØY PÅ SPEIDARFEST

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

I fleire år har eg fått invitasjon til ulike speidarfestar, og den 2. desember i fjor fekk eg tid til å ta turen på den årlege grautfesten deira. Laget har vakse seg stort etter kvart, og plassmangel på bedehuset gjer at dei har denne festen i gymsalen, i fjor for andre året. Salen hadde tre langbord og flagga ved scenen fortalde at dette var speidarane sin fest, med ca. 110 personar til stades.

Då eg spurde meg litt for kva som var programmet denne kvelden fekk eg til svar at dei skulle no eta graut, og så blei det sikkert nokre innslag av ungar på scenen – ja, så skulle dei få sjå lysbilder. Javel, tenkte eg, men då det begynte viste det seg at den faste ramma rundt

arrangementet et ikkje var noko nytt, verken for liten eller stor. Dette hadde dei gjort før.

Etter opningssekkvensen med song og opplesing av speidarlova og ulvelova, stod plutselig

Åsmund Alvestad framme foran scenen og oppfordra til brøling. Så satte han i nokre gaul så heile kroppen måtte vera med for å få det til. Og han fekk svar, sterkare og sterkare..... Det var ikkje så mange som kikka på kvarandre, for det skulle vera slik.

Så viste Hans Marius Våga lysbilder frå den flotte kanoturen 15 speidarar og 5 leiarar hadde til Nidelva på Sørlandet i fjor sommar. Laget har no 6 kanoar, og med 2 lånte padla dei 10 mil på 5

...ein typisk speidarfest, ingenting er planlagt...

dagar, og med nydeleg vér hadde dei mange naturopplevingar langs elva før dei nådde Arendal. Me fekk sjå ein god del fine bilder frå turen, bilder som fortalde mykje om det gode miljøet og samholdet som speidarane er kjend for. Hans Marius var flink til å fortelja til bildene, med supplerings både frå far og mor. Sekvensen varte lenge, men blei aldri kjedelig for oss som satt i salen p.g.a. fin dialog med turdeltakarane undervegs. Gjengen hadde forresten laga ein song på turen som blei framført etterpå. Då fekk også alle deltakarane ei padleåra kvar for oppgåver dei hadde klart på leiren. Desse oppgåvene gjekk på opptreden ved leirbålet, naturspørsmål, unngå velt, m.m. Det var 10 oppgåver i alt, og for å få padleåra måtte dei klara minst 7.

Leiv Våga begynte å snakka om landsleiren

1998, men blei avbrutt av at 4 gitar kom ramlande inn hovuddøra og var *Gutta på tur*. Det var Tor Harald Alvestad, Åsmund Alvestad, Sigleiv Våga og Magne Jordbrekk Ognøy. Då dei kom opp på scenen, fekk dei også




Alle speidarane samla under "Ja, vi elsker" med opprulling av det norske flagget. Flagget blei rulla inn att ved festslett til speidarbøna.

selskap av Kjartan Jensen. Den gode sketsjen var prega av flinke og naturlege skodespelarar, fleire dramatalenter her. Leiv Våga fortsatte etter dette, og viste no lysbilder frå Ulvungane sin tur, der dei lå ei natt på Rønningen Leirplass. Det var kona, Solveig som

...det viktigaste med speidaren er forholdet til naturen og å formidla den kristne tru.

fortalde mest om bildene me fekk sjå. Leiv hadde også lysbilder frå då speidarane var saman med Tysværspeidarane på patruljeførarkurs på Utsikten, Seljestad.

Sokneprest Arne Aurdal tok i andakten sin opp tråden med *reising* då han fortalde om Jesus på reisefot, som rir til alle tider og går inn der menneska har det vondt. Etterkvart begynte



Viktige personar for speidarbevegelsen i Bokn. Leiv og Solveig Våga med to av barna, Sigleiv og Hans Marius.

utålmodige ungar ein støyete folkevandring ut i gangen, ikkje p.g.a. andakten, men no hadde det gått for lang tid før mat – nesten 2 timar. Irriterte og brydde foreldre sende mange strenge blikk før graauten kom på bordet.

- Hans Marius, er det du eller far din som er festleiar?
- Dette er ein typisk speidarfest, ingenting er planlagt, ler Hans Marius og legg til at han berre hadde vore i Bokn nokre timar før festen starta.

I alle fall, Hans Marius viste med god festleiiing at eplet ikkje fell langt frå stammen. Her er talent i massevis.

- Denne gaulinga i begynnelsen av festen, kva skal det vera godt for?

- (Ny latter) Slike rop er berre tull og tøys, for å få opp stemninga. Ofte har ropa bestemte tekstar og rim.

Det er skapt ein unik tryggleik i dette laget.

Hans Marius, som har vore med i speidaren sidan starten i 1989, fortel at det viktigaste med speidaren er forholdet til naturen og å formidla den kristne tru. Gjennom naturopplevingar skal desse kristelige forente unge menn og kvinner (KFUM/KFUK) lære om og forstå naturen og miljøet vårt med vennskap, omsorg, holdning og moral som stikkord.

Etter maten var det igjen klart for lysbilder, denne gong frå landsleirane i Mandal 1990 og Solør 1994. Leiv fortalde at i 1998 skulle landsleiren vera på Jæren, og Bokn blir nok sterkt representert denne gong også.

Marit Øvrebø har gjort ein kjempeinnsats i speidaren gjennom 8 år, og fekk eit trefat, rose malt av Liv Lie.

Kvelden ville ikkje ta slutt, speidarane stod i kø for å få opptre med vitsar, sketsjar og leikar. Men ikkje alle som hadde forberedt seg til det fekk opptre. Tida gjekk nok for fort, men dette var likevel eit skår i glede.

Eg er imponert over spontaniteten, varmen, samholdet og humøret som prega denne speidarfesten. Sjølv om eg personleg ville organisert arrangementet på ein annan måte, tar eg av meg hatten for gjennomføringa. Kva er det som gjer at ungar og ungdommar som vanlegvis held litt igjen for å eksponera seg, slår ut i full blomst og gir mykje av seg sjølv på ein speidarfest? Svaret er enkelt. Det er skapt ein unik **tryggleik** i dette laget. Alle speidarleiarane med Solveig og Leiv i spissen kan vera stolte av det!

*Alt du kan løfte av bora til bror din,
må du ta på deg.*

*Det er mange ikring deg som frys,
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!*

Halldis Moren Vesaas

LUCIAFEST MED KULTURPRISUTDELING

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Den årlege Luciafesten til musikkorpsset gjekk av stabelen 14. desember i fjor, og denne gong sette utdelingen av kulturprisen 1997 ein ekstra spiss på den tradisjonelle festen, som han også gjorde det i 1995 og i 1993.



Therese Våge er Lucia foran Jørgen Thuestad, Guro Nygaard, Merethe Ø. Almås, Erik Alvestad, Tom Inge Aksdal, Sophie Jansen Alvestad, Beate Syvertsen Are og Magne Jordbrekk Ognøy.

Etter sjølve Lucia-opptrinnet med 5. klasse spelte musikkorpsset nokre julesongar. Korpset har no tatt inn samtlege aspirantar og har gjort lurt i det. Balansen blir betre og musikken høyrer meir ut som han kjem frå eit lite korps med mange stemmer enn i frå ei lita gruppe. Denne kvelden var det 15 stk. som spelte, og korpset greier seg framover dersom ingen av desse gir seg med det første.

Helge Gaard stod for talen før eit barnekor frå skulen viste kva dei kunne. Etter den gode matøkta med bordkonkurransar framførte Bianca & Daghild fire songar der to av dei var toastemt song etter førehandsinnspela keyboard-akkompagnement. Det var fleire enn meg som blei positivt overraska då Daghild viste at ho ikkje berre har talent på keyboard! Desse songane blei også seinare i mnd. framført på årets siste kommunestyremøte.

Ordføraren stod for kulturprisutdelinga, og etter ei innleiing kom Olaug Hognaland fram. Sigrunn Hole Hosaas leste opp kvifor ho fekk kulturprisen, dette stod også på diplommet:

Olaug Hognaland får prisen for at ho i ei

årrekke har brukt dei store diktar- og forteljarevnene sine til å gi sambygdingane store ord om Bokn før og nå. Ho sit inne med stor lokalkunnskap, og seier aldri nei når det er spørsmål om å skriva ein anekdote til ulike kulturhendingar i kommunen, ofte i form av prologar.

Kulturprisvinnaren veit mykje om gamle slekter og livet generelt i Bokn, og ho har også levert kulturhistorisk materiale til Bokn Bygdablad. I det året ho får prisen er Olaug Hognaland framleis aktiv med å formidla kultur i Bokn, m.a. med jubileumssalme til Bokn kyrkje sitt 150 års-jubileum i september.

I tillegg til hovudprisen fekk ho også eit bilde frå 17. mai i fjor, der ho leste ein sjølvskriven prolog.

Hovudprisen var eit stort og flott litografi av Karmøykunstnaren Olav Storø. Vinterbildet som har tittelen "Vitja gamle vener" falt i smak hos prisvinnaren, og kan minna litt om Bokn i vinterdrakt der det store fjellet på bildet med litt fantasi kan vera Boknafjellet sett frå ein bestemt vinkel. I takketalen gav Olaug m.a. uttrykk for at ho nesten ikkje trudde det var sant at ho hadde

fått kulturprisen.



Luciafesten er eit flott kulturarrangement med masse folk som skaper ei fin ramme rundt kulturprisutdelinga, men er det den rette

- *Eg kan'kje tru det er sant, sa ei smilande Olaug Hognaland då ho hadde fått prisen av ordføraren.*

ramma rundt ein slik pris som heng så høgt? I fleire andre kommunar er ramma rundt ut-Diskusjonen om dette har blussa opp med jevne mellomrom sidan 1993, og fleire gonger har spørsmålet om eit eige kulturprisarr. blitt nemnt. Andre ting

som kjem fram er om alle personane som burde vore der under prisutdelinga er til stades. I fleire andre kommunar er ramma rundt utdelinga ganske annleis. Dersom prisen skal delast ut til neste år vil det visa seg om dette blir retta på.

JULEFEST

av Målfrid Kro Trosnavåg
foto: Jardar Havikbotn

Tenk eg som er over 80 år fekk vere med på skulefesten 1997. Eg var så forventningsfull, ja endå meir enn ungane, trur eg. Gymsalen var fullsett av skuleborn og foreldre som sat stivpynta ikring dei fint dekkja bordene. To av elevane yngste alle velkommen og styrde festen med det flotte programmet heile kvelden til ende. Det fyrste var *Juleevangeliet i ord og tonar*. Fra bibelen vert det lese og samstundes fekk me sjå lysbilder frå verdens finaste kunstverk som høyrer jula til og nydeleg musikk attåt.

1997 var jo kulturåret og dei av elevane som fortalde og spela om det hadde verkeleg mykje å lera oss, var innom både det eine og andre frå gamal og ny tid, og song lysteleg "Vi vandrer med freidig mod".



1.-4. klasse gjorde ein utruleg innsats på scene i stykket "Vettene på sporet".



Imponerende gevinstar laga av elevar.

Neste nummer: Eit orkester m/solist, men dette var "nutidens", sjølv sagt var songen engelsk. Men fint var det. Så kom grauten, smørauga, sukker og kanel og sjølsagt saft. Etterpå kaffi og kaker baka på skulekjøkken. Loddsal må heller ikkje gløymast for alt har sin sjarm, berre det å få vera med å selja lodd. Hurra! eg vann Pepperkakehus baka på skulen.




Danseoppvisning av unge lærarar.

Men underhaldninga den heldt fram. Det alltid rørende "Piken med svovelstikkene" vart framført som tablå. Fint.- Vidare var det Nissespel og troll i skogen, song og Bestemor fortel. Her vert det sagt mangt eit sanningsord om både julegaver og anna og rop på nissen, og han kom og delte ut gaver frå nisseverksted. Og så lydde songen: Ei stjerne skinner i natt".

Eit julespel om: Guten som gløymde det var jul. Han kom på det når han såg at fuglane hadde fått julanek, då vert det fart i forberedelsane, finkleda kom på og då kyrkjeklokkene ringde, då var det jul. To elevar song: "Vi tenner våre lyfter når det mørkner". Innimellom alt dette song me saman nokre av dei kjende og kjære julesongane våre. Unge tilsette slutta av med ei danseframsyning på senen.

Takk for ein gild julefest på skulen den 18.12. 1997.

Helsing og Godt nyttår! - Målfrid



Tradisjonell avslutning på det største faste årlege kultur-arrangementet i Bokn. "Deilig er jorden" blir sunge medan bakgrunnsteppet på scenen blir lyst opp. På scenen står konferansierane 1997: Daghild Grønnestad og Geir Helge Christiansen.

EVENTUELL INDUSTRIETABLERING PÅ AUSTRE BOKN – BAKGRUNN

I 1996 vedtok kommunestyret å utarbeida ein kommuneplan (arealplan) for heile kommunen. Ein såg litt på kva som hadde vore diskutert tidlegare, og både Ognøy og austsida av Austre Bokn var område der muleg industrietablering hadde vore diskutert. Dessutan hadde kommunen ein rapport om gode maritime forhold i Makrellvika (i samband med utbyggjinga av Arsvågen). Dette var bakgrunnen for eit avisoppslag 2. desember 1996 der Bokn markedsførte austsida av Austre Bokn som ein muleg plass for etablering av ei containerhamn.

Den 16. desember 1996 vedtok Stortinget at Europipe II skulle gå over Bokn, og sidan Ognøy av ein eller annan grunn var uaktuell for traséen blei ledningen foreslått lagt frå Viervik til Kårstø. Området på Austre Bokn hadde plutsleg fleire kvalitetar som var interessante for mulege etablerarar – gode maritime forhold, ligg rett ved E39 og i nærleiken av gassledning.

Våren 1997 hadde me besøk av to interessantar som vurderte området og gav oss signal på at me måtte jobbe vidare med å regulera området. Dei ev. etablerarane har gass som energikjelde og derfor er området på Austre Bokn aktuelt. Denne industrien, som kanskje kan bli oppfatta som kontroversiell, kan ikkje kommunen vera negativ til før me veit meir.

Kommunen vil seinare i mnd. få meir informasjon om dette frå interessentane, og det vil stå meir om dette i neste nummer av Bokn Bygdablad.

- ordføraren -

Alle veiarbeider på Bokn ferdige

”Alle veiarbeidene på Vestre Bokn er nå ferdige,” opplyser byggeleder Magnus Solberg i Europipe II-prosjektet.

I øyeblikket er forberedelsene til selve inntrekkingen av sjørørene i Trosnavåg i full gang. En lekter med grave- og boreutstyr opererer mellom 50 og 60 meter fra land for å klargjøre landfallsgrøften på sjøbunnen. Det er gjennom denne grøften sjørørene skal trekkes fra et nivå om lag 20 meter under vann. Grøften blir ventelig ferdig i løpet av februar 1998, opplyser Solberg. Det skal også støpes en forankrings-blokk for vinsjen som skal trekke de 42” rørene på land, blokken skal plasseres 15 meter over havet, et stykke inne på land. Inntrekkingen vil ventelig foregå i tidsrommet mai – juni 1998.

Full fart på Bokn

På et møte mellom lokalpolitikerne på Bokn og prosjektteamet i Europipe II nylig, ytret ordfører Sigrunn Hole Hosaas stor tilfredshet med den flotte opparbeidingen av industriområdet på Knarholmen og de mange veiutbedringene. Om hun skulle trekke fram noe ”negativt”, så måtte det bli at bedre veier fører til ”full fart på Bokn”. Trafikalt kunne hun nok tenke seg den samme rolige flyten som i tidligere tider, men utbyggingsmessig tolker vi henne dit hen at hun er godt tilfreds. Bokn kommune gjør det de kan for å legge forholdene til rette for så vel Europipe II-rørledningen som andre gassrelaterte etableringer.

Preges av anleggsdrift

Siden tidlig i høst har anleggsaktiviteter satt sitt preg på Bokn – spesielt på Vestre Bokn, der myndighetene har godkjent vårt trasévalg. Aktivitetene på Austre Bokn har naturlig nok ikke vært så omfattende i og med at det fremdeles ikke er enighet om traséen det siste stykket inn til Kårstø. Statoils hovedalternativ er, som de fleste sikkert har fått med seg, å krysse

rett over Falkeidflæet mellom Kårstø og Viervik. Dette alternativet er ikke godkjent av myndighetene, men Statoil har anket denne avgjørelsen. Samtidig blir alternativer med kryssing over og under Ognøy vurdert, men også andre alternativer for kryssing av Falkeidflæet, alle med traséer lenger øst enn Statoils hovedalternativ. To av alternativene har landfall på Våganeset, mens de to andre når land ved Vågholmensundet. Det enkleste alternativet hva landfall angår, ser ut til å være Våganeset - hvis Viervik-alternativet ikke kan gjennomføres. Ved Vågholmensundet kan traséen komme i konflikt med naturvern- og arkeologinteresser. Rørleggerne må også forsere et forholdsvis steilt fjellparti.

Det neste halve året

Torsdag 18. desember gikk fristen ut for de som er invitert til å gi sine bud på leggingen av Europipe II-rørene over land. Nå skal anbudene evalueres, og selve hovedkontrakten tildeles i mars 1998. Hovedkontraktør ventes å etablere seg med en anleggsleir for anslagsvis 150 – 200 personer på Knarholmen. Mobiliseringen skjer i april/mai. Aktiviteter som vil prege første halvår i 1998 blir bygging av anleggskaier ved landfallet på Trosnavåg og ved landfallet som måtte bli valgt på østsiden av Austre Bokn. Alt skal klargjøres for trekking av rør over Boknasundet og riggområdene ved den gamle ferjekaien og på Nygårdsmarka på Austre Bokn skal opparbeides.

Traséen skal etter hvert gjerdes inn og sikres før rørleggingen kan komme i gang. Rørene – totalt 10.000 tonn – skal mellomlagres på Husøy på Karmøy.

Rørlegging til havs

Leggefartøyet ”Solitair” fra firmaet Allseas har fått oppdraget med å legge Europipe II-rørene til havs. For tiden ligger fartøyet ved et verft i Newcastle, hvor rundt 2300 personer er i ferd med å bygge det om til de omfattende oppgavene. Rørleggingen er planlagt startet i april 1998 og skal pågå fram til november. Først skal 250 – 300 kilometer rør legges fra dansk sektor før fartøyet ankommer området utenfor Vestre Bokn en gang mellom mai og juli. Rundt én million tonn stålrør er produsert i Japan, Tyskland og Italia. Rørene blir belagt med en beskyttende kappe av glassfiber-armert asfalt,

jernbinding og betong ved Bredero Prices anlegg i Farsund. Etter planen skal gassen strømme gjennom Europipe II-ledningen 1. juli 1999 med ordinære leveranser fire måneder senere. En av hovedutfordringene i så måte er klargjøringen for leveranser fra Kårstø. Europipe II-arbeidene inne på Kårstø blir utført i regi av Kårstø Utbyggingsprosjekt (KUP), men skal være ferdige ett år før prosessanleggene og rørledningen for transport av gassen fra Åsgard-feltet. Gassen som i dag leveres til Kårstø fra Statfjord-/Gullfaksområdet og omliggende felter, og som i behandlet form transporteres videre i Statpipe-ledningen via stigerørplattformen Draupner S, skal fra 1. oktober 1999 transporteres i Europipe II. Gass-strømmen, som i dag går fra Kårstø til Draupner S, skal snus. Draupner S – og ”søsteren” Draupner E – kan dermed videresende gass til Kårstø fra andre felter som i dag transporterer sin gass over plattformen.

”Bokn vil ha gass”

Hun er ikke spesielt imponert over kunnskapene om gass blant partifellene på Stortinget eller i Regjeringen. Hun er heller ikke spesielt imponert over den måten undervisningssektoren håndterer gass som energibærer. Men visjonene om at Bokn en dag i nær fremtid skal kunne basere ny næringsutvikling på basis av tilgangen på norsk naturgass, den holder hun høyt, men likevel på et jordnært og realistisk nivå.


”Hadde den norske gassen blitt ført i land i Oslo, hadde vi nok sett en helt annen holdning til bruk av gass i Norge, både fra politikere og byråkrater,” sier en sarkastisk Senterpartiordfører Sigrunn Hole Hosaas (43) i Bokn kommune, til Gazette.

Hun gir uttrykk både for en viss frustrasjon, entusiasme og realisme i forhold til Bokn kommunes historiske sjanse til å bli innlemmet i den relativt eksklusive ”gassklubben” blant norske kommuner. Som de fleste Statpip’ere vet, var Bokn allerede i 1980 med på de første planskissene da Norges første landbaserte gassbehandlingsanlegg ble risset opp. Siden har årene gått, og folk på Bokn har sett heller lite til gassen, og langt mindre til den næringsmessige

knoppskytingen som så mange på øyene så foran seg tidlig på 80-tallet.

”I kommuneplanen for Bokn går det klart frem at vi vil prioritere etablering av småindustri og virksomhet med basis i fiske og jordbruk,” sier hun. ”Helt konkret betyr det at vi på Knarholmen industriområde vil tilby industritomter til interesserte bedrifter som er knyttet til fiskeforedlingsindustrien, til mindre mekaniske verksteder og eventuelt til gartnerivirksomhet. Men vi er mer usikre på hvor omfattende denne knoppskytingen kan bli i dette området på basis av at vi eventuelt får tilgang på gass. Knarholmen ligger nær boligområde, og er ikke spesielt egnet til slike industriformål. Men vi har et tilgjengelig industriområde på mellom 700 og 800 mål på Austre Bokn som kunne vært dedikert gassbasert industri,” sier Hole Hosaas som er vel forberedt på at det kan by på noen nye, harde runder før gassen eventuelt blir tilgjengelig på de rette stedene på Bokn. ”Men la det ikke være tvil; vi ønsker oss gass på Bokn, og skal bruke all vår kreativitet og oppfinnsomhet for å sikre gassen en vei over Bokn som gir oss de beste mulighetene til å utnytte den,” sier hun.

Bygdabladet har fått opplyst at fleire boknarar føler seg utrygge der vegane er blitt utbeta, enten dei sit inne i ein bil eller går langs etter vegane. Farten er blitt høgare, og sjølv om dei fleste held fartsgrensa er folk ikkje vande med stor fart i kommunen. Men det kan sjå ut som om alle ikkje er klare over fartsgrensene, særleg når dei kjem frå Europavegen, noko som ikkje er så rart sidan det er smått med skilting. For kva skal dei framande tru som svinger av Europavegen for så å køyra til byggefeltet ved Hålandssjøen, eit byggefelt som har fått breie, fine vegar – førebels utan fartsdumpar. Her er trafikk-sikkerheten gått frå dårleg til mykje verre. Det er mange som håpar at dumpane og skilting er på plass før det skjer ei alvorleg ulukke.



TORANESET

RENOVASJONSSKAP

sendte følgende brev til sine medlemskommuner 16.12.97:

REVIDERING AV AVFALLSPLANEN

OPPFORDRING TIL Å KOMA MED INNSPEL

Alle dei 5 medlemskommunane har gjort vedtak om oppstart av arbeidet med å revidera avfallsplanen, med styret for Toraneset Renovasjonsselskap som styringsgruppe, og med ei plangruppe som består av representantar for kommunane og Toraneset.

Plangruppa består av:

Bokn kommune	Marit Markhus (har slutta i kommunen)
Etne kommune	Erik Kvalheim
Tysvær kommune	Ingrid Johannessen
Vindafjord kommune	Arne Risøy
Ølen kommune	Harald Espeland
Toraneset Renovasjonsselskap	Jan Karl Lygre og Dag Halvorsen

Oppstarten av planarbeidet blir i desse dagar annonsert i Haugesunds Avis, Grannar og Tysvær Bygdeblad. 1. mars 1998 er sett som frist for dei som ønskjer å koma med innspel i oppstarten av planarbeidet.

Avfallshandteringa er med og pregar kommunane på mange måtar. Dei løysingane me finn har innverknad på kvardagen til alle, uansett alder og yrke. Meir enn nokon annan verksemd er me med våre containerar, samlestatjonar, trilledunkar og søppelsekker synlege overalt.

Av den grunn finn me det naturleg at alle har ei meining om korleis avfallshandteringa burde vera. Ikkje minst gjeld det dei mange som har sitt virke i dei kommunale etatane, enten det dreier seg om slule, barnehage, eldre, funksjonshemma, kultur, bygg, trafikk, arealplanlegging, reiseliv eller annan næringsverksemd.

Me vil svært gjerne ha tak i flest mogleg av dei mange gode ideane og synspunkta som sikkert finst rundt om. Av den grunn inviterer me alle som har eit synspunkt til å koma fram med det (skrifteleg) til Toraneset Renovasjonsselskap, 5574 Skjold, faks 53762627, **helst innan 1. mars 1998**.

For nærmare informasjon kan du kontakta saksbehandlar Dag Halvorsen, tlf 53762474.

Jan Karl Lygre
dagleg leiar

Dag Halvorsen

ÅRSMØTE I BOKN IDRETTSLAG

Onsdag 14. januar kl 1900 hadde idrettslaget årsmøte på Allrommet der kun 10 stykker møtte opp utanom styret (!) Me hadde i 1997 170 medlemmer.

Den største aktiviteten er fotball der me har både A-lag, smågutt og mini-mix. Ellers har me godt samarbeid med Falkeid IL, både på gutte- og jentesida. A-laget rykker i 1998 opp i 6. divisjon. Smågutt-laget vant i 1996 serien, tapte serien i 1997, men dei gjorde ein bra innsats. Mini-mix gjorde det bra på Sveio Cup, ellers blei det mykje tap, men ingen sure miner av den grunn. Det var ein fin gjeng med godt humør og mykje energi. For dei minste var det barnetrim, og her var det totalt 16 stykker delt på to grupper, 3 – 6 år og 6 – 10 år.

Det har vore vollyball-trening for vaksne med god deltaking.

Den første marsjen var Vårsleppet på Austre Bokn den 27. april. Her deltok 56 stykker. 4-bruers løpet var den 29. juni. Det var eit nydeleg vær denne dagen med mykje folk og god deltakelse, 340 stykker. Norges-marsjen var den 7. september og gjekk rundt naturstien. Her fekk Den Norske Kreftforening inntektene. Denne dagen var ikkje værgudane med oss, det var ein regntung dag, men ca. 45 gjekk.

Me har hatt 3 dansar + Johannes Kleppevik på Sjøhuset i Krojen.

Julegrantenning den 30. november. Ein nå årleg tradisjon som tidlegare var i Besøktjenesten's regi. Dei var nå så få igjen, og me blei spurt om å ta over. Det blei ein fin kveld til glede for store og små.

Valg

Styret for 1998 er:

Steeven Høyland
Sonja Mikkelsen
Bjørn Eirik Gundersen

Svein Ove Alvestad
Jan Kristian Jøsang
Arthur Trosnavåg
Marit Elin J. Våge
Arne Hosaas

Ny - formann
Ny - nestformann
Ny – repr. i
planutval
Ny – styremedl.
materialforvaltar
anleggsleiar
sekretær
rekneskapsfører

Trond Almås går ut av styret etter å ha vore med i styret i idrettslaget i 10 år. Liss A. Sæbø går også ut av styret. Arne Hosaas går egentlig ut, men har sagt seg villig til å føra rekneskapet. Nytt av året er at me har utvida styret fra 6 til 8 personar.

Styret i B.I.L. vil rette en stor takk til alle som har vert med å drive de enkelte aktivitetene. Ein stor takk til alle som har stilt som vakter på dansar og liknande. Vi vil takke alle hjelparar ved 4-bruers løpet – og det er ikkje få. På årsmøtet fekk Steinar og Ingebjørg ein blomsteroppsats som takk for god sponning av idrettslaget gjennom mange år.

For styret, Marit Elin Våge

FOTBALLDRAKTAR, SMÅGUTT

Er det nokon som har slike fotballdraktar heime som tilhøyrrer Idrettslaget?

Vennligst lever dei til Jan Kristian Jøsang eller Marit Elin Våge.

FORTARE OG FORTARE!


Sprinteren Trond Lindanger frå Bokn blir betre og betre. 1. februar vann han 60 meter i eit nasjonalt innandørs stevne på Austlandet. Då løp han på 7,13 – i forsøket blei det raske 7,06.

Trond, som representerer Haugesund idrettslag, sette også ny personleg rekord på 200 meter med tida 22,27. Dette heldt til 2. plass.

Kilde: Hgsd. avis



Petra Fritidsklubb informerer



Tekst og foto: Ann-Kristin Grønnestad

Høsten -97 var et fint semester for *Petra Fritidsklubb*. Vi fikk inn en del penger, mye på grunn av at styret i *Petra* gjorde en meget god jobb. De samarbeidet godt innad i styret, deltok aktivt på våre månedlige møter, og satte ofte i gang aktiviteter for de ungdommene som var til stede. Vi hadde lenge snakket om å få holdt et dansekurs, og i begynnelsen av desember ble det endelig en realitet.



26 ungdommer meldte seg på kurset, men bare 11 dukket opp. Det var litt

5 av dei som møtte opp, her i dansen Boggie, fv. Jeanette A. Dalberg med Elise M. Tollaksen og Helen Grønnestad i bakgr., Cathrine Ørjansen. Th. danseinstruktøren saman med Vegar Våge.

trist for Elin Lie Nilsen, danseinstruktøren, som reiste fra Haugesund for å lære oss hvordan man blant annet danset lambada og boogie. Det var en livlig dame, som ikke lot deg stå på sidelinja og se på. Til og med fotografen fikk hun halt med seg på dansegulvet.



Daghild Gr.stad og Kjartan Jensen i dansen Lambada.

Kurset varte tre timer lørdag og tre timer søndag. Hele kurset ble betalt av

midlar kommunen hadde fått, ungdommene betalte ikke noe selv.

Da jeg var på vei inn for å se hvordan det gikk med gjengen, slo salsa-rytmene mot meg. Ungdommene lo og hadde det tydeligvis morsomt. De var ikke alle like glade for å bli tatt bilde av, men det hendte at de konsentrerte seg sånn om dansingen at anledningen til å knipse et bilde og to bød seg.

Akkurat nå, pågår en del oppussingsarbeid på *Petra*. Vi maler lokalene våre oppe, alle gardiner skal byttes ut, og vi har tenkt å utvide vaktromsluka, som har vært irriterende lav. Videre skal en del rom forandres på, det skal legges laminat enkelte plasser, m.m. Benytter anledningen til å takke Kristi Laupland for god hjelp med å velge ut stoff, og sying av gardiner! Ellers har styret selv i *Petra* stått på, vasket og malt til den store gullmedaljen. Her har de fått god hjelp av Kjartan Jensen, og vi takker for all hjelp vi har fått.



Tre fra *Petra*-styret maler med et smil, fv. Daghild Grønnestad, Jostein Aksdal og Elise Marie Tollaksen.

Veldig mange fritidstimer går med til dette arbeidet.

Sminkekurset har gått ut på at ungdommene aller først får en fargeanalyse. Dette vil si at de får et hvitt håndkle over skuldrene. May E. har noen knipper med farger som hun legger lagvis mot ansiktet for å se om fargene passer. Hele tiden er dette en samtale mellom instruktør og kursdeltager. Ut i fra hvilke farger de passer finner May E. ut om de er vinter, vår, sommer eller høst. Dette får betydning for framtidig klesutvalg i garderoben og hvordan de bør sminke seg.



Her får Jorunn S. Simonsen fargeanalyse av May Elisabeth

Vi har noen få igjen som ikke har fått kurset seg ennå. De som står igjen er litt eldre ungdommer som ikke bor på Bokn i ukene. Derfor har det blitt vanskelig å få til en dag som passer for alle.

Her vil vi sende stor takk til May Elisabeth Alvstad for god samarbeidsvilje, og de mange



Susanne Grønnestad og Monica Lindanger ferdig sminka..

timene hun har brukt på oss. Vi har sett at kurset hadde noe for seg, for mange av jentene er blitt skikkelig flinke til å legge make-up.

Ellers begynner vi å lengte etter sol og varmere kvelder. Da våkner ungdommene litt mer til live, og besøkstallet på Petra tar seg kraftig opp. Det er vel kanskje sånn med de fleste at de våkner mer til liv når dagene blir lengre, lysere og varmere. Vi ønsker alle vakter og ungdommer vel møtt til et nytt halvår med svingende rytmer og sosialt samvær!



**BARNEHAGEN
INFORMERER**



Den 20. april kjem eit firma som heiter «klassekassetten» til Bokn for å laga ein kassett kor barna i barnehagen skal syngja/opptre. Forskjellen frå CD-en som blei spilt inn er at no har Bokn barnehage heile kassetten til rådighet, dvs. 20 minuttar med valfrie songar, vitsar o.l.

Vi har allerede begynt å øva til denne store hendinga.

Kassetten kjem til å kosta ca. kr. 120,- og må bestillast gjennom barnehagen. Interesserte kan allereie no ta kontakt med barnehagen. Foreldre i barnehagen får eige skriv om dette.

Kjøp kassetten og høyr på kor flinke barna i Bokn Barnehage er til å synge.

Helsing oss på «Kyrkjebygd»

SEGA TV-SPEL m/pistol, 2 joysticks og 6 spel t.s. for kr. 900,- samla.

Kontakt Bjørn Thuestad,
52 74 83 41 eller 52 72 51 78

BYGDAKAFÉ, Arsvågen, 16. februar

Alle velkomne! - arr. Bokn bygdeutvikling

BOKN SANITETSFORENING

har årsmøte 4. mars kl. 19.30 i Allrommet

NY ORDNING MED KYRKJESKYSSEN
- blir privatkøyring -

Frå 1. mars vert det ny ordning der dei som ynskjer kyrkjeskysse kan ringja

52 74 83 83 eller 52 74 85 90

KRAFTTAK MOT KREFT

Pr. 24. november 1997 var det totalt i landet registrert samlet inn

kr. 169.311.349,-!!!

Den Norske Kreftforening har dermed gjennomført tidenes beste TV-aksjon. Det blir foretatt nye registreringer 15.1. og 1.3. 98, og totalsummen vil stige ytterligere.

Som Kreftforeningen selv sier det i sitt nyhetsbrev til kommunekomiteene 26. november:

"Takket være kjempeinnsats i alle ledd, fra bøssebærere og kommunekomiteer til fylkesaksjonsledere og sentraladministrasjon, har vi ikke bare nådd målet, vi har slått det! På landsbasis utgjorde hver bøsse 1350 kroner, så vi skjønner hvor viktig hver bøssebærer har vært for TV-aksjonen. Aksjonsleder Morten Norvang, fylkesaksjonsleder og Generalsekretær Lilly Christensen ønsker på vegne av sekretariatet og Den Norske Kreftforening å gi en oppriktig og ydmyk takk til hver enkelt av dere.

Videre skriver Kreftforeningen bl.a.:

DYRE SKI

Som vanlig fikk TV-aksjonen mange fine gjenstander fra kjente og ukjente personer. Mannen som krysset Sydpolen alene, Børge Ousland ga bort skiene sine, vakkert dekorert av sønnen Max. Som dere kanskje så på TV gikk til slutt skiene for 250.000 kroner til en anonym privatperson i Oslo. Da hadde Max akkurat avslått et bud på 150.000 kroner. Så vi får takke 11 år gamle Max for 100.000 kroner ekstra til kreftsaken.

6,5 MILLIONER PÅ GIVERTELEFONEN

Aksjonskvelden fikk Kreftforeningen 65000 henvendelser på givertelefonen, hver oppringning kostet kr 100. Der er mer enn tre ganger så mange som noen kampanje noen sinne har mottatt tidligere. Kreftforeningen er derfor glad for at de satset så seriøst på denne relativt nye

givermåten og derfor hadde kapasitet til å ta imot alle telefongavene som strømmet inn og fortsatt gjør det. Alt tyder på at post-it lappene som mange steder ble satt på dørene til folk som ikke var hjemme da bøssebærere kom, har hatt en stor effekt. Dette var nemlig det første stedet givertelefonnummeret ble bekjentgjort, og allerede da begynte telefonene å gløde.

I Rogaland havnet Bokn kommune på 2. plass i innsamlet beløp pr. innbygger etter "umulige" Utsira. Dette er vi selvfølgelig meget fornøyd med.

Nå når vi går mot lysere og varmere tider blir det forhåpentligvis lettere å få solgt T-skjorter her på Bokn. Vi har fremdeles en god del igjen, og oppfordrer leserne til å bruke "vår" T-skjorte som et av de fornyende faktorer i vår- og sommergarderober (de er fullt brukbare nå også!). Kulturkontoret står for salget.

Det har ikke vært vanskelig for kommunekomiteen i Bokn å engasjere og motivere seg både før og ikke minst under TV-aksjonen Krafttak Mot Kreft. Med den oppslutning og giverglede som boknarane viste har det hele vært en sann fornøyelse! Igjen tusen takk for hjelpen.

For kommunekomiteen

Bjørn Eirik Gundersen




BOKA OM TAPRE GJERT

Den Norske Kreftforening har finansiert denne boka, som byggjer på ein artikkelserie i Adresseavisa der ein journalist og ein fotograf fulgte Gjerts 5 år lange kamp mot akutt lymfatisk leukemi. Kreftforeninga ynskjer å gjera serien tilgjengeleg over heile landet fordi artiklane gir eit unikt innblikk i den vanskelige kvardagen til den unge pasienten (10 år) og familien hans.

Eit framifrå samarbeid mellom Gjert, søsken, foreldre og journalist og fotograf med total openhet frå pasienten gir både legar, sjukepleiarar, lærarar, medelevar, kameratar, naboar og ikkje minst lesarane mulighet til å møte kreft på ein *klokare* måte. Boka fungerer som eit nyttig kart å orientera seg etter for andre som kjem i same situasjon som Gjert og familien hans.

Denne gripande boka får du låna på biblioteket.



STERK BOKN-INNSATS I KOKKE-NM

Bokn-lærlingane Stephan Haram, Tor Harald og Åsmund Alvestad er på god veg til å bli svært flinke i faga sine, og i NM for kokke- og servitørlærlingar i Stavanger gjorde dei ein stor innsats. Berre det å koma til Norgescupen er ei bragd i seg sjølv.

Stephan, som er servitørlærling ved *Restaurant Cartellet*, kom til finalen saman med lagspelar Monica Østebø, og der tok dei ein sterk fjerdeplass!

Tor Harald og Åsmund Alvestad kom ikkje til finalen i den harde konkurransen, men kom blant dei 10 beste til slutt. Desse to ungdommane, som er saman på lag, vann i fjor haust kvalifiseringa til NM i Haugesund. Dei utøver begge kokkekunsten i byen – Tor Harald på *Lothes Mat- og vinhus* og Åsmund på *Rica Maritim*.

For å understreka den harde konkurransen i NM må det nemnast at meisterkokken Arne Brimi sine lærlingar frå Hedmark heller ikkje kom til finalen.....

Lukke til vidare alle tre!

Kilde: Stvg. Aftenblad

SIGBJØRN ØRJANSEN I BILJARD-NM

Nok ein boknar har vore med i NM, nærare bestemt i biljard. Sigbjørn Ørjansen, som er postmann i Stavanger, blei bestemann av dei lokale utøvarane med ein respektabel 14. plass.

Sigbjørn har i forkant av NM uttalt at han ville inn blant dei 15 beste, så dette var han godt nøgd med. Han slo ut to elitespelarar på vegen, og leia faktisk 4-1 over Norges høgast rangerte spelar, men tapte til slutt 4-7.

Den entusiastiske og optimistiske boknaren seier at han neste sesong sannsynlegvis er elitespelar sjølv, etter alle poenga han sank under NM.

Sigbjørn, som representerer Stavanger Biljardklubb, var ein av 16 som hang med begge dagane i konkurransen. Norge er blant dei 3-4 beste nasjonane i Europa, så i NM florerte det med EM-medaljører.

Det måtte vel vera ein idé å bruka han ved biljardborda i Bokn, både som inspirasjonsfigur og læremeister!

Kilde: Stvg. Aftenblad

Bygdabladet fekk tillatelse frå Stavangeravisa til å trykka bilder til artiklane, men dette blei dessverre for dyrt.



LOKAL MØSTRING

1. FEBRUAR PÅ SKULEN



Dei som møtte opp denne sundags ettermiddagen fekk ikkje akkurat oppleve noko lang mønstring. Då enkelte trekte sceneinnslaga sine i siste liten var det berre eitt innslag att, nemleg Bianca & Daghild, som har konsertert mykje i kommunen i fleire år no. Som dei sa så kunne dei holdt ein lang konsert sjølve, men dei framførte berre dei stykkene dei hadde meldt seg på med. Det var den kjente songen The Rose som blei framført tostemt i tillegg til to danseinnslag som var sett saman.

Geir Helge Christiansen hadde denne gong med to bilder: *Pappa?* og *Hva er meningen?* medan Hanna Aksdal og Susanne Grønnestad stilte opp med maleriet *The Sunset*. Desse var utstilte foran døra inn til gymsalen.

Heller ikkje denne gongen fekk Bianca & Daghild opptre utan tekniske problem.

Kommunen sitt lyd- og lysanlegg treng ei overhaling, der enkelte av komponentane er over 10 år gamle. Slike ting

øydelegger og drar ned inntrykket, men likevel fekk me ei

positiv oppleving med The Rose, som også juryen plukka ut til å representera kommunen på fylkesmønstringa i Tysværtunet 21. og 22. februar.

- Kvifor er det ingen bilder frå Bokn denne gong, jurymedlem Ann-Kristin Grønnestad?
- Me meiner m.a. at bildene bærer preg av for liten forberedelse. Deltakarane kan få mykje meir ut av dei. Det skal ikkje vera så enkelt

og berre mala eit bilde på nokre minuttar/timar for så å få seg ei reise til fylkesmønstringa. Eg tenkjer tilbake til fylkesmønstringa i fjor der eg såg så mange nydelige bilder som du nesten ikkje skulle tru kom frå tenåringar, bilder og anna kunst som er resultat av ein lang prosess.

Og det stemmer at UKM skal vera ei handling som skal pågå over halve skuleåret, frå dei melder seg på om hausten til våren neste år. Slik er det ikkje i Bokn, mykje p.g.a. skulen si gigantiske juleavslutning og alt det ho krev av elevane. Me fekk det ikkje til i fjor, men kanskje



Fv. Geir Helge Christiansen, Hanna Aksdal, Susanne Grønnestad, Daghild Grønnestad og Bianca Alvestad – årets deltakarar i UKM fekk deltakarbevis etter mønstringa av iurymedlem Marie Thuestad.

kan me slå saman neste lokale mønstring med juleavslutninga 1998. Men me treng også ildsjeler og eit apparat rundt UKM for å få fart på denne form for ungdomskultur igjen.

Ein stor takk til juryen, Ann-Kristin Grønnestad og Marie Thuestad. Lukke til i Tysværtunet 21. eller 22. februar, Bianca & Daghild!

LYNG OG TORVMYR

av Gunnar Alvestad

Eg undrast ofte på kva Torger og Holger hadde sagt om dei hadde sett og opplevd at det kom ferjestø på Are. Kvar gong eg no kjem på heimetrakter går ferda frå Are til Alvestad. Vigjå er ikkje lenger den viktigaste innfallsporten til Bokn. Frå Are går det ein fin og brei asfalttert veg nordover. På båe sidene av denne vegen ser me for det meste myr, fjell og lyng. Så ofte som eg kjem hit, går tankane tilbake i tida. Lyngen var ein viktig plante då. Han vart nytta til brensel i eldhuset, tidlegare også på kjøkkenet og i stova.

I eldhuset hadde me ei stor brønngrøte der mor koka klede, og så hadde me baksterhelle. Mor var flink til å laga potetkaker, og dei var gode. Minst ein dag kvar veke laga ho 300 - 400 potetkaker som vart gjort ende på like snart. Lyngen henta me i marka. Ein eller to gonger i veka var det å gå til marka etter lyng, og då måtte alle som var oppegåande vera med kvar sitt børetau med hegl. Hegla var ein klave av einer, eller brake som me sa. Då me kom fram til der lyngen var stor, - helst sør for Lindefjellet, var det å riva lyngen og fengja han. Fengjene vart lagt på børetauet, og når bora var høveleg stor var det å stramma tauet kring henne gjennom hegla og få henne på ryggen. Det var slett ikkje noko lett arbeid. Bora måtte ikkje vera skeiv og ein måtte unngå å få nakkehegl. Fekk ein nakkehegl, var det uråd å stramma bora meir så ho seig ned på baken og datt gjerne sund. Det var tungt å bera ei stor lyngbør så me måtte kvila fleire gonger før me var heime. Eg kan enno

*"Så ofte som
eg kjem hit,
går tankane
tilbake i tida".*

hugsa godt kvilestadene.
Dei vil eg hugsa så lenge
eg lever.

Stundom for me til
marka etter trås. Det var
kvister etter brake som stod att etter ei svie. Dei
vermde godt og brann ikkje så fort som lyngen.
Skrabbalyngen
(klokkelynge) må heller ikkje gløymast.
Denne lyngen slo me gjerne med sigd eller lja og
bruka han til underbreidsle for sauene i skuten.

Så var det myra. Eg hugsar så vidt at me spadde
rabbatorv. Det var lyngtorv som me fann ikkje så

*"...det er rart
å tenkja på at
før 1950 var
det ei anna tid
i Bokn enn det
er no".*

langt sør i marka. Det var
godt til å halda glør i
ommen med. Våtmyra var
der Håkon no har
dyrkingsfelt, frå
Henriksteinen og sørover.
Der hadde
Alvestadgardane kvar sitt
felt der dei spadde torv.

Oftast var dei der på same tida. Far tok nok det
tyngste taket: å bassa av ei høveleg skjør. Så var
det for oss borna å bera torvene utover ettersom
far spadde.

Matøkta var vel det aller gildaste. Då koka me
kaffi. Vatn fann me i ein bekk ikkje langt unna.
Maten smaka utruleg godt, og far tok seg gjerne
ein liten middagslur på bakken etterpå.
Som nemnt var det våtmyr me arbeidde i, og ofte
kom vatnet sigande inn i skjøra før me hadde fått
så mykje som to djupner med torv. Så var det til
å bassa av ei ny skjør.

Men det var ikkje nok å berre spa torvet. Det
skulle krakkast, røykast og berast til Sandvika,
lastast i robåt og førast til Alvestadkroken.
Derifrå vart det kjørt heim til torvskuten.



Røsslyng

I dag er det ingen som slit slik med lyng og torv
som før. Elektrisiteten har gjort alt så mykje
lettare. Men det er rart å tenkja på at før 1950 var
det ei anna tid i Bokn enn det er no.

Bokn bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!

OPTIMISME I FISKERINÆRINGA

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Nede på kaien i Alvestadkroken ein laurdags ettermiddag er det full aktivitet omkring eit nytt fartøy. Det er tydeleg at dei gjer klart til ny reise på sjøen. Fotovéret er ikkje det aller beste, men eg tar nå bilder for det. Lars Magnus Alvestad, Edgar Våge og Geir Aksdal held stor fart opp og ned av trålaren med div. ting og proviant medan Egil Ognøy rydder opp i trålutstyr på kaien. Her er også Sigve Våge, Asbjørn Johansen, Svein Ove Alvestad og Per Nesvik, alle for å få eit glimt av nyinnkjøpet. Førebels står det *Skudetrål* på båten, men eg får opplyst om at der snart vil stå *SOLHOLM SR*.

- Korleis og kvifor kom trålaren til Bokn, Egil?
- Han blei kjøpt inn 2. januar i Skudenes, og når *Solholm* blir solgt blir Edgar Våge og eg medeigarar med Lars Magnus i denne båten.



Fv. Egil Ognøy, Lars Magnus Alvestad og Edgar Våge foran SOLHOLM SR.

Eg får også vita at trålaren er ein 1985-modell og blei bygd på Austlandet. Han er 89 fot og har ein lastekapasitet på 1800 hl. Og av fisketype er det snakk om tråling av sild, makrell, industrifisk og kanskje reke.

- Kvifor denne satsinga, Edgar?
- Det er optimisme i fiskerinæringa. I tillegg til denne har også Magne og Finn Alvestad og Arne Øvrebø & søner kjøpt inn nye fartøy. På Karmøy investerer fiskarar stadig i større båtar. Det er varsla betre prisar på råstoff, alt i alt ser utsiktene lovande ut og dette gir oss inspirasjon til å satsa.



Miljø på kaien: Lars Magnus Alvestad og Per Nesvik sveiver inn ei sildanot medan Sigve Våge og Asbjørn Johansen fylgjer godt med.

EIN PRAT MED ARNE ØVREBØ:

- Det stemmer at det har skjedd mykje nytt, me har kjøpt ein båt frå Skottland i lag med ein frå Egersund. *AMBASSADØR* skal byggjast om der nede og vera ferdig i mars. Me har

også søkt fiskeridirektoratet om å flytta rettighetene frå ØVRABØEN til nybygg, og dersom dette går i orden vil me selja båten og byggja nye ØVRABØEN, opplyser Arne om, som ikkje er begeistra for jantelova og forskjellsbehandlinga han meiner er i Bokn.

- Nå er me blitt jaga frå fiskerihavn til fiskerihavn i fleire år, jaga i frå store kai-investeringar som me har gjort, måtte vika for tilretteleggjing for los, m.m., og kommunestyrevedtak har slått negativt ut for oss.
- Me vil bruka tid og krefter til å byggja opp noko – ikkje til å kjempa med, fortel ein engasjert Arne, som legg til at nå vil dei ikkje kjempa meir, men etablera seg andre plasser. Egersund er nemnt, dei er også velkomne til å leggja båtane i Karmøy.

Den tidlegare ordføraren understreker at det ikkje er administrasjonen i kommunen dei er imot, det er politikarane. Ein mann som er opptatt av frisk og rein sjø der ein t.d. kan driva oppdrett både av fisk og skjell, er sjølv sagt også sterkt opptatt av ein ev. ny industri på Austre Bokn og fyrer laus:

- Politikarar som går med på denne øydeleggjinga og forureininga av kommunen kan ikkje ha sterk tilknytning til og vera redd for utviklinga av Bokn.

Klar tale frå ein som har solgt oppdretta sine til *Grieg Seafood*, sjølv sagt frå Bergen. Overleveringa skjedde 3. februar.

Magne og Finn Alvestad var ute på fiske då dette blei skrive. Trass i ulike oppfatningar til korleis politikarane legg til rette for fiskerinæring i kommunen, er det stor optimisme i denne næringa.



NYTT FRÅ FORVALTNINGSSTYRET



Forvaltningsstyret hadde møte den 21.01.98 hvor blant annet følgende saker ble tatt opp:

- Steinar Alvestad har søkt om skjenkeløyve for øl og vin. Forvaltningsstyret behandlet saken som kontrollorgan. To medlemmer stemte i mot og to stemte for. Saken avgjøres av kommunestyret.
- I henhold til hytteplanen er det gitt adgang til å bygge inntil 4 hytter på en del av Elias Bjelland sin eiendom innerst i Jøsenvågen. Bjelland ønsker nå en planendring og forvaltningsstyret bestemte at grunneieren må utarbeide en reguleringsplan som grunnlag for en eventuell godkjenning.
- Ingart Skjølingstad har søkt om

utslippstilltelse fra eksisterende hytte ved Øvrabøvågen, men søknaden ble avvist fordi det ikke foreligger godkjent avløpsplan.

- Gunnar Grønnestad har søkt om godkjenning av et etablert utslipp fra eksisterende hytte i Straumen, men også denne saken ble avvist på grunn av manglende avløpsplan. Forvaltningsstyret anser utslippet som ulovlig og krever at det må opphøre.
- Arnt Ove Jøsang hadde tidligere fått avslag på byggetillatelse for 3 naust på Hognaland. Jøsang har påklaget vedtaket, men forvaltningsstyret sto fast ved tidligere avgjørelse og saken blir oversendt fylkesmannen til endelig behandling.



TEKNISK INFORMERER



Lørdag den 10 januar var over 20 personer samlet til kommuneplanseminar på Boknatun om sterke og svake sider ved spredt boligbygging og hyttebygging.

I løpet av konferansen kom det fram mange råd om hvordan kommunen bør drive sin planpolitikk på disse viktige områdene.

Konklusjonen fra konferansen er likevel at et flertall av deltakerne oppfatter hyttebygging som et så stort problem at det bør innføres meget strenge restriksjoner i forhold til nye hytter,- kanskje totalt hytteforbud.

Spredt boligbygging på enkelttomter er ofte problematiske saker i forhold til landbruksinteresser, utslipp og kulturminner.

Konferansen ga ikke entydig svar på hva en mener med framtidig spredt

boligbygging. Noen definerer det som små klyngetun mens andre ser for seg enkelttomter uten naboer.

Flertallet var likevel enige om at det bør tilrettelegges for bosetting i hele kommunen og at tomtetilbudet i Bokn må være forskjellig fra tilbudet i byen.


Alle innspillene som kom fram under konferansen vil bli vurdert videre i kommuneplanarbeidet.

Arbeidet med kommuneplanens arealdel vil pågå utover våren og sommeren. Berørte parter og organisasjoner vil bli kontaktet etterhvert, men vi oppfordrer alle som vil bidra i planarbeidet til å forberede sine saker og gjerne ta kontakt med kommunen på et tidlig tidspunkt.

Kontaktpersoner er rådmannen eller teknisk sjef.



NYTT FRÅ DRIFTSSTYRET



17. MAI 1998

I driftsstyremøtet 15. januar blei ramma for årets 17. mai-feiring lagt.

Folkefest m/dans

Det blir verken folkefest eller dans i år.

Driftsstyret meinte at oppmøtet til denne festen har minka år for år. I fjor var det svært lite folk, og det var fleirtal for å sløyfa dette arrangementet i år. Det blei også vedtatt at det hadde liten hensikt å ha

dans etterpå i og med at 17. mai i år er på ein måndag med vanleg arbeidsdag dagen etter.

I staden blir det lagt inn litt meir program på dagtid – slik som t.d. tale for dagen og prolog.

Elles har driftsstyret lagt opp til ei tradisjonell feiring i bygd

INTERVJU MED STEINAR ALVESTAD



av *Svenn E. Grønnestad
og Vegar Våge*



Me har intervjuua Steinar Alvestad. Han fortel at han blei fødd og har vakse opp på Bokn, men han har jobba i Stavanger i 3-4 år.

I fritida liker han og fiska og vere ute i sjø og friluftsliv, og litt treskjerjing. Han seier at denne forretninga blei starta for vel 100 år sidan. Dette er ei familie bedrift og han er tredje generasjon, han kjøpte forretninga av faren sin. Når bestefaren hans dreiv forretninga hadde han og eit bakeri, han hadde bakt brød lenge før krigen starta.

Me spurde kvifor han overtok forretninga. Han svarte at i 1961 ville faren at ein av borna skulle overta, men det var ingen som var interesserte. Steinar og Ingebjørg syntest at det var for gale at forretninga skulle bli seld til nokon som ikkje var i familien, så dei sa opp jobbane sine i Stavanger og flytta til Bokn for drive forretninga. Etter Steinar blir det ingen i familien som kjem til å overta, så forretninga blir sikkert leigt ut eller avvikla.

Me spurde om kvifor han starta ein kafé, når han hadde ein matvarebutikk og ta seg av.

Jo, sa han, det var nok og gjøre på, men det var for at sjøhuset ikkje skulle forfalle at dei bygde ein kafé. Vi spurde også om han måtte søke mange ganger. Ja, me måtte søke om bruksendring til sjøhuset og dei leilighetane som er over sjøhuset.

Det beste han likar med å drive ei forretning er at han kjem i kontakt med masse hyggelege folk og det verste med å drive ei forretning er at han blir eldre og det kjem så mykje og nye vedtak og reglar. Han synest at han bruker så mykje tid på å setje seg inn i dei nye reglane at han nesten ikkje får tid til å selje varer. Han meiner at å drive forretning nå passer best for yngre folk, og dei bør ha ein

nyare og moderne utdanning. Han har alltid tanker om ting, som å lage ei turist brygge, men nå føler han at det er for seint. Det kunne kanskje gått når han var yngre. Nå føler han at han er gammal og og utgått på dato. Steinar seier at dette er muligens det siste året han og Ingebjørg kjem til å drive forretninga og då vil han og Ingebjørg konsentrere seg meir om sjøhuset.

INTERVJU MED BJØRN THUESTAD



av *Torstein og
Roy Alvestad*



Bjørn er 16 år, og går på Holgersen fotballgymnas i Haugesund. Han er den fyrste frå Bokn som går på fotballgymnas. Bjørn begynte å interessere seg for fotball i 7-8 års alderen, og interessa er bare blitt større med tida. Ein skuledag på skulen hans kan variere i frå 6 til 8 timar. Bjørn brukar 7 timar i veka på fotball i skuletida. Han spelar på FKH's juniorlag, og går på fotballgymnas fordi han har lyst til å bli proff fotball-spelar ein gong i framtida.

Han bur på hybel og må lage maten sjølv, og det synes han er greitt. Bjørn prøver å vera heime med familien i helgene, og når han er på Bokn, så er han i lag med kameratane sine og prøver å gjere det han gjorde på før.

Når han ikkje er på skulen eller gjer lekser, går han på kino eller tar ein hamburger med kameratar, eller bowlar. Bjørn sitt favorittlag er Tottenham, og der ville han spelt midtbane viss han fekk velje. Bjørn likar og spele volleyball. Kvar gang Bjørn spelar ein kamp for FHK sitt juniorlag, så får Bokn idrettslag 500 kroner.

Han har ikkje fått tilbod frå andre klubbar. Me spurte om kor han trudde han var om ti år, men det var for vanskeleg å sei. På hybelen kan det bli litt kjedeleg, og han saknar den gode middagen som står ferdig når han kjem heim.



ORDET FRITT



BOKN – OLJEINDUSTRIENS NYE DUMPINGPlass?

Ifølge Haugesunds Avis er Bokn ett av flere etableringssteder for industriell behandling og lagring av lavradioaktivt avfall.

UFARLIG – MEN LIKEVEL FARLIG?

Behandling av lavradioaktivt avfall er kontroversielt – 400 tonn årlig spesialavfall med forhøyet innhold av radioaktive stoffer.

Høsten 1996 ble det skapt frykt og engstelse blant befolkningen rundt Oslofjorden da TV 2 hadde oppslag om at oljeindustrien lagret radioaktivt avfall på sine baser, og kom med forslag om å etablere et permanent lager for dette avfallet på Langøya i Oslofjorden.

Nå har den samme industrien fått øye på Bokn! Flere spesialister har også vært ute med forsikringer om hvor ufarlig, ja totalt ubetydelig denne lavradioaktive søpla er. Den beskrives som "ufarlig, men problematisk, og skal behandles som farlig". Var du med på den?

SFT SOM PREMISSLEVERANDØR

SFT vil stille en rekke krav til den type etablering det her er tale om, og Direktoratet for Brann og Eksplosjonsvern vil etter all sannsynlighet være tilsynsmyndighet. Dette gir en form for trygghet. Likevel – de fleste uhell i industrien skjer ved menneskelig svikt eller tekniske uforutsette hendelser. Det er derfor av vital interesse å få fram hvilken effekt en verst tenkelig skade kan få for Bokn og nærmiljøet.

SELSKAP MED BEGRENSET ANSVAR

De fleste som etablerer virksomhet danner selskaper med begrenset ansvar. Dersom eierne ikke får forventet avkastning på investert kapital vil bedriften enten få en styrt avvikling – i verste fall en konkurs. Og kommunen kan bli sittende igjen med hele avfallsproblemet dersom det ikke er dekning i boet til forsvarlig fjerning av dette avfallet. En slik situasjon vil være svært uheldig og kan koste kommunen mer enn den har evne til å kunne betjene.

BOKN OG FREMTIDEN

Lavradioaktivt avfall vil i folks bevissthet forbinde Bokn med radioaktivitet – et begrep som det knyttes mange negative følelser til – alt fra atomavfall til kjernekraftulykker.

Er det noen som vil kjøpe tomt og bygge i Bokn da? Hva innebærer dette for skatteinntekter, eiendommer og andre verdier? Vil vi regulere attraktive områder i vårt nærmiljø til en gigantisk søppelplass for oljeindustrien? En dyr pris å betale for nye arbeidsplasser.

Hvilken betydning har etablering av storindustri for oppdrettsnæring, jordbruk og fiske – i et miljø som allerede er tilført mange forurensningskilder?

Vi kan stille disse – og en rekke andre spørsmål. Og vi roper ULV – for å skape debatt og engasjement om en sak som angår oss alle sammen!

*Kari Christensen og Olav G. Larsen,
Austre Bokn.*

GODT NYTTÅR!

NB!OBS!! LÆS HØGT!!

De av oss som kajnn læs dettan har overlevd denne Jule- og Nyttårsstria óg. Fulletten av pinnekjøtt, ribbe, lufefesk og alskens pålægg som høre denne tida tel. Det har vel revna en del bukselinninga sian sist æ skreiv i blae. To av mine har i alle fall gitt tapt. Vi får innfør en lokal Ramadan førr å få av nåkka sideflæsk. De som flire av oss som tøye midjemålet, og fremdeles e like smal etter ei slik fråtsing i kulinariske herligheita bør skjæmmes. De har ikkje spist nok. Ikkje satt pris på maten, eller kanskje vært redd for at de måtte kjøp nye klea?

Når vi nå kajnn sjå telbakers på enda et år som e gått, og som det e steike umulig å forandre nokka på, så kajnn vi jo spekulere på om det ikkje e mulig å gjør nokka bedre dettan året. Kanskje vær litt mindre sælvsentrert? Tænk litt meir på ka ajnner har å stri med og som vi kajnn hjelp de med? Ta sæ tida tel å nyte dagen i stedet førr å stress sæ igjønna den. Aksepter at vi ajlle e kun ett stökke menneske uansett ka vi slæng på av tittla, boltra oss i av materialistiske teng som enten e alt for dyre, eller som vi slættes ikkje har bruk førr. Nei, ro dokker ned folkens og ta en dag av gangen. Det e bærre tull å bekymre sæ over morradagen. Førr ajlt du veit kajn du jo våkne dau næste morra! Og da har du jo ikkje nokka å bekymre dæ over. Kajnn det være på sin plass å minne om det gamle visdomsordet "Ikkje ta dæ sjøl så vældig høytidelig"?

Bjørn Eirik Gundersen

HAUGALAND BILLAG

har sendt ut følgende til tilreisende og fastboende på ALVESTAD, BOKN.

ORIENTERING! VARSEL OM BOIKOTT AV BUSSTOPP.

Busstoppet for nordgående trafikk i Alvestad, har helt siden det ble opparbeidet, vært til stor bekymring for våre sjåførere.

Plasseringen av busslommen gjør at utkjøring fra stoppestedet er særdeles trafikkfarlig.

Mange av de bussavgangene som bruker dette stoppet, er ekspressbussruter på veg fra Stavanger til Haugesund. Disse har fortrinnsrett på riksvegfergene, og kommer av den grunn ofte først i køen ved ilandkjøring i Arsvågen. Når bussen så stanser på Alvestad for av- eller påstigning, kommer vanligvis den øvrige trafikken rett bak. Ved passering av stoppestedet holdes det ofte større hastighet enn tillatt (80 km), ikke minst av de tunge kjøretøyene, som bruker nedoverbakken før stoppet for å oppnå en hastighet som gjør det enklere å klare stigningen oppover broen.

Dette er en stadig overhengende fare, både for de som sitter i bussen, og selvsagt også for de andre kjøretøyene. Sikten er svært begrenset, og av erfaring vet vi at på glatt føre, vil det være nesten umulig å stanse, hvis en uforutsett situasjon skulle oppstå. De beskrevne forholdene har også vært medvirkende til at enkelte passasjerer, som

har oppholdt seg i leskuret, er blitt frakjørt, da de oppdages så sent, at en brå oppbremsing ikke er tilrådelig (jfr. oppslag i leskur).

Dette er blitt tatt opp med Statens Vegvesen utallige ganger, diverse tiltak er foreslått, det har vært holdt befaringer m.m., men lite er blitt gjort som innvirker vesentlig på trafikksikkerheten. Som en følge av dette har verneombudet i Haugaland Billag vedtatt å nekte stans på Alvestad, med virkning fra 08.01.98, med mindre det innen denne tid er foretatt nødvendige utbedringer.

Brev om dette er sendt Statens Vegvesen, den 08.12.97, med kopi til Bokn kommune.

Vi beklager at vi er nødt til å gå til et slikt skritt, men finner det uforsvarlig å utsette våre passasjerer og andre trafikanter for den faren dette busstoppet representerer.

Vennlig hilsen
for Haugaland Billag A/S

Torgeir Aarestad
Trafikk- og utviklingssjef

Siste nytt:

Ordføreren kan opplyse om at vegvesenet no har sagt at busstoppet skal flyttast lenger sør til ein betre, oversiktleg plass. Arbeidet skal gjerast til våren, og skal vera ferdig til påske.

KONSTITUERING AV SOKNERÅDET

Solveig Våga Loten	- leiar	Merete Alvestad	- styremedlem
Sigurd Johnny Svendsen	- nestleiar	Reidar Øvrebø	- styremedlem
Eva Moi Eikje	- kasserar	Arne Aurdal	- styremedlem
Ingunn Are	- styremedlem	Birger Lindanger	- komm. sin repr.

*Hjertelig takk for all oppmerksomhet,
fine gaver og blomar på 70 års-dagen
min.*

Magnhild Are

*Hjertelig takk for all deltagelse og
blomsterhilsener ved vår kjære Lisa
Boknebergs bortgang.*

- familien -

*Takk for gaver og helsingar på 70 års-
dagen min.*

- Ella Berge -

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy

51 72 32 87

94 67 08 73

BOLIG/HYTTE

til leie

Kontakt Reidun Alvestad,
Bandyv. 14, 4021 STAVANGER
Tlf. 51 50 92 32 – 51 59 06 63

BOKN
KOMMUNE



OPPTAK I BOKN BARNEHAGE FOR BARNEHAGE- ÅRET 98/99

Søknadsfrist for barnehageåret er 1. mars.
Søknadsskjema kan hentas i barnehagen i
opningstida, som er mellom kl. 07.30 og kl.
16.30.

Ein kan òg ringa barnehagen og få tilsendt
skjema.

*Jarle Haakonseth
styrar*

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

• ABONNEMENT

Innanbygds kr. 100,- pr. år

Utanbygds kr. 150,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Små privata. kr. 30,-

Fastannonse etter avtale

• FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø – diameter 7,6 cm frå
Vikingtid (900 – 950 e.Kr.)

FOTTERAPI

Kvar **fredag**. For påmelding
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.

Eva Brunborg Svendsen
helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00
Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.3

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

B-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

KULTURKALENDEREN


FEBRUAR

- 09.: BORK – Ridekurs Ognøy 1730 og 1830
- 09.: BORK – Medlemsmøte på skulen, informasjon om trening av hest til distanseritt og video, sal av mat, utlodding
- 12.: Bingo – arr. Bokn musikkorps
- 15.: BORK – Søndagstur på Gismarvik. Ta med hesten og møt opp kl 1330 (værforbehold, ring Erik om du er i tvil)
- 21.: Dans Simon & Gardsguten – arr. BIL
- 22.: Møte Blå Kors – bedehuset kl 1930
- 24.: Speidarbasar, bedehuset kl 1930
- 25.: Hagelagsmøte. Allrommet kl 1900
Reidun Jensehaugen fortel om Fuksia.
Arr.: Bokn Hagelag

MARS

Veke 10 – vinterferie Bokn skule

- 02.: BORK – Ridekurs Ognøy 1730 og 1830
- 08.: Israelmisjonen – bedehuset kl 1930
- 10.- Indre sjømannsmisjonen – bedehuset
15.: kl 1930
- 11.: Hagelagsmøte. Allrommet kl 1900
Hageglede i Form og Farge
v/Kjellaug Guddal Sæbø
Arr.: Bokn Hagelag



FEBRUAR

15.: Gudsteneste kl. 19.00

MARS

01.: Gudsteneste kl. 11.00

15.: Gudsteneste kl. 11.00

FORANDRINGAR I KULTURKALENDEREN

APRIL

- 26.: Vårsleppet kl. 13.00 – arr. BIL er
flytta til 3. mai.
- 29.: Basar, skulen kl. 19.30 – arr.
Sjømannsmisjonen.

BOKN
KOMMUNE



TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR

For å yta deg best mogleg service må me be deg om å avtala tid på førehand for samtalar på dei ulike kommunale kontora. Vennligst henvend deg i ekspedisjonen.

Rådmannen